



Notat

Dato: 18.09.2015
Arkivsak: 2015/2400-14
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Samarbeid med kommunar om kjøp av asfaltenester

I møtebok frå Samferdselsutvalet frå 19. august stilte representanten Øyvind Hardeland følgjande spørsmål:

Dei fleste kommunane i Hordaland har inngått anbudskontraktar for asfaltring av kommunale vegar. Kommunane er nok ikkje så store på innkjøp av desse tenestene. Med store avstandar, liten tonnasje og små vedlikehaldsbudsjetter vert det difor heller ein dårlig pris kanskje därlegare kvalitet.

Er det mogelegheiter for at kommunane kan gå i lag med Fylket for innkjøp av desse tenestene?

Kompetanse og kvalitet

Statens vegvesen er samd i at det kan vere krevjande for kommunane å gjere gode kjøp i asfaltmarknaden. Det har samanheng med storleik på kjøpa og i nokre tilfelle mangel på spesialistkompetanse. Asfalt vert levert i ulike kvalitetar for ulik bruk. Spesifikasjon av kva produkt ein skal ha, er halvvegs til eit godt kjøp. Dei mykje brukte vegane vert slitt ned, mens dei lite brukte vegane tørkar og forvirrar av elde.

For eigen del køyrrer Statens vegvesen årleg gjennom alle felt i heile riksvegnettet og det fylkeskommunale vegnettet med ein målebil. Vegnettet er på nærmere 4000 km. Målingane av spor og kor jamt det er, dannar grunnlag for vurderinga av kva strekningar det hastar mest å gjere noko med. Vidare vert programmet delt opp geografisk og tilpassa dei finansielle ressursane ein venteleg har tilgjengeleg, og lyst ut på nyåret. Etter kontraktstildeling tek dei fysiske arbeida i marken til ut på våren. Oppfølging og evaluering av entreprenørane leveransar er ein viktig del av jobben.

Statens vegvesen har dei siste åra – med unnatak av 2015 – kjøpt dekkelegging for fylkesvegane for om lag 40 million kroner og 55-80 million kroner på riksvegane.

Statens vegvesen har rettleiingsmateriell for fri bruk for kommunane. Dette finn ein på følgjande lenker:

<http://www.vegvesen.no/Fag/Teknologi/Vegteknologi/Vegbyggingsmaterialer/Asfalt>

<http://www.vegvesen.no/Fag/Fokusområder/Forskning+og+utvikling/Varige+veger>

<http://www.vegvesen.no/Fag/Fokusområder/Forskning+og+utvikling/Varige+veger/Nyhetsarkiv+Varige+veger/riktig-utf%C3%B8relse-av-asfaltdekker>

Marknadsmakt

Det er nokre få store aktørar i asfaltmarknaden og mange små (som er avhengige av dei store for å kjøpe asfalt). For å få gode prisar, vil det vere ein stor fordel å kjøpe store volum. Dersom Statens vegvesen skulle ta på seg kjøp på vegner av kommunane, ville det krevje eit større apparat enn ein rår over i dag. Vi registrerer at 19 kommunar i Hardanger og på Hordalandet har slått seg saman og kjøper asfalt i fem delkontraktar over to år til 60 million kroner. Å delta i slike samarbeid kan vere vegen å gå for små kjøparar som ønskjer å auke marknadsmakta si.

Kva vegvesenet kan bidra med på kort sikt

I tillegg til retteleiingsmateriellet som er nemnt over, kan vegvesenet med dei ressursane ein har no, bistå Hordaland fylkeskommune med å arrangere asfaltseminar for kommunane med målsetting om å styrke kompetansen og å initiere alliansar som kan utvikle seg til samarbeid mellom kommunane.